

**MELDING OM VEDTAK**

frå  
møte i formannskapet 06.05.2019

Saksnr	Løpenr.	Klassering	Avd / sakshandsamar	Dato
2018/2240	4924/2019	20180002	EINPLA/ SILOVR	08.05.2019

**PS 60/19 Politisk avklaring angåande arealdisponering i strid med overordna kommuneplan - utviding av planområde på Brekkane****Formannskapet si handsaming:****Tilråding frå rådmannen:**

Hareid formannskap godtek planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentleg tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg. Administrasjonen vil vurdere kvar og kva areal som er føremålstenleg til barnehage og velferd i samråd med forslagsstiller for den private detaljreguleringsplanen.

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Hareid formannskap godtek planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentleg tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg. Administrasjonen vil vurdere kvar og kva areal som er føremålstenleg til barnehage og velferd i samråd med forslagsstiller for den private detaljreguleringsplanen.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur*



Hareid, 08.05.2019

Rett utskrift:

Anne Karete Mork  
Utvalsekretær

*Utskrift sendt: sakshandsamar for ekspedering*





## SAKSFRAMLEGG

Saksnr. 2018/2240	Løpenr. 4433/2019	Klassering 20180002
Sakshandsamar:	Silja Øvrelid, Plan, byggesak og geodata	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
	Formannskapet	06.05.2019

### **POLITISK AVKLARING ANGÅANDE AREALDISPONERING I STRID MED OVERORDNA KOMMUNEPLAN - UTVIDING AV PLANOMRÅDE PÅ BREKKANE**

/2018/2240

#### **Tilråding frå rådmannen:**

Hareid formannskap godtek planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentleg tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg. Administrasjonen vil vurdere kvar og kva areal som er føremålstenleg til barnehage og velferd i samråd med forslagsstillar for den private detaljreguleringsplanen.


*Utskrift til: sakshandsamar for ekspedering*

**Vedlegg:**

Nr.	Namn	
1	Vedl_01_2816_900 Plangrense	30.04.2019
2	Innspel_samla_oppstartsvarsling	30.04.2019

**Uprenta saksvedlegg:****Samandrag av saka:**

I slutten av 2018 tinga Per Mulvik As på vegne av Trelast AS eit oppstartsmøte hjå kommunen for å starte planarbeid på Brekkane. Oppstartsmøte vart heldt i desember 2018, og oppstart av planarbeid vart varsle i midten av januar 2019. I løpet av høyringsperioden knytt til varsling om oppstart kom det inn fleire innspel, blant anna frå naboar, som førte til at Trelast AS ønskete eit møte med kommunen før ein forsette med planarbeidet. I dette møtet deltok også nabo og grunneigar Per Dimmen. I møtet vart ein einige i at det var føremålstenleg for planen si heilheit å utvide planavgrensinga. Men, sidan den tenkte bruken av arealet i detaljreguleringa er i strid mot kommuneplan er det behov for ei politisk avklaring om kor vidt det er ønskjeleg å nytte arealet til noko anna.

**Saksopplysningar:**

Skissa over syner planavgrensinga slik den vart varsle i forbindelse med oppstart av planarbeid.




## Vedlegg 05: Kommuneplan


Dato: 13.01.2019

Målestokk: 1:2500

Koordinatsystem: UTM 32N



På biletet over ser ein planavgrensa (rosa skravur) slik den vart varsle i forbindelse med oppstart av planarbeidet med kommuneplanen som bakgrunn. Som ein ser av planavgrensinga har ein tatt ein del av arealet som er avsett til offentleg tenesteyting, i tråd med tidlegare vedtak gjort av FSK (sak PS 30/18). Planområdet her er på om lag 39,5 daa.



På biletet over ser ein forslag til ny og utvida planavgrensning. Planområdet er her på om lag 70 daa. Den store forskjellen på den opprinnelige planavgrensinga og den nye planavgrensinga er at ein i den nye planavgrensinga har tatt ein større del av landbruksområdet i vest, samt ein har tatt med heile området T1 i kommuneplanen som er

avsett til offentleg tenesteyting. Det er ikkje intensjonen å gjere om heile T1 til bustadføremål i reguleringsplanen, men ein vil sitte igjen med eit mykje mindre areal til offentleg tenesteyting enn det som er avsett i gjeldande kommuneplan.

Det er avsett nok areal til skuleføremål i forbindelse med eksisterande skule. Her har ein sett av nok areal til alle grunnskuleelevar (1. – 10. trinn pluss eventuell befolkningsvekst) i heile kommunen i mist 50 år fram i tid.

Området T1 er i kommuneplanen avsett til framtidig offentleg tenesteyting (t.d omsorgsbustadar, barnehage, skuleføremål).

#### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen vurderer det slik at areal til skuleføremål er godt nok teke i vare andre stadar for sentrumskrinsen (lenger aust i planområdet). Kommunen har også god barnehagedekning, både i privat og kommunale barnehagar, men, det er behov for areal til ein ny barnehage i relativt nær framtid, og dette er det einaste arealet ein har avsett til barnehage i kommunen. Det vil difor vere ein viktig føresetnad at sjølv om planavgrensinga vert utvida så må ein ta i vare omtrent 10 daa som kan vere føremålstenleg for barnehageføremålet.

Når det gjeld omsorgsbustadar og andre typar institusjonar er der prekære behov, men behovet er ikkje heilskapleg kartlagt på noverande tidspunkt. Dette er eit arbeid som er starta opp og er forventa gjennomført i løpet av året. Ein veit i dag at ein har areal til dette føremålet avsett andre stadar i kommunen, men truleg har ein for lite areal dersom heile arealet på T1 forsvinn. Ein har nok grunnlag til å sei at også på Brekkane er det behov for å bevare delar av området til offentleg tenesteyting i forbindelse med dei tenestane sektor for velferd skal leve. Det er difor ønskjeleg at 5 daa vert teke vare på til offentleg tenesteyting som kan vere føremålstenleg for velferdsføremål.

Med bakgrunn i dette rår difor rådmannen Hareid formannskap til å godta planlagt utviding av planområdet for detaljregulering for Brekkane. Dette med bakgrunn i at det vil verte ei betre heilskapleg løysing for reguleringsplanen, samt at kommunen sine interesser knytt til offentleg tenesteyting i nokon grad er teke i vare andre stadar i kommunen. Det er ein føresetnad ved utviding av planavgrensinga at 15 daa vert avsett til offentleg tenesteyting (her av 10 daa til barnehageføremål og 5 daa til velferdsføremål). Desse 15 daa treng ikkje vere i tråd med område T1 i kommuneplanen, men dei må vere avsett innanfor planavgrensinga, og arealet må vere føremålstenleg.

Folkehelse konsekvensar: Vert avklara i plan

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Vert avklara i plan.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Hareid, 26.04.2019

Ragnhild Velsvik Berge  
rådmann

Kai-Rune Bjørke  
Kommunalsjef